



Meland kommune

Detaljregulering

For

Kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy

Reguleringsføresegner

Plan- og bygningslova § 12 - 7

Utval	Utarbeidd	Sak	Godkjent	ArkivID

§ 1	Generelt
§ 1.1	Det regulerte området er synt på plankart i målestokk 1:1000, datert 01.06.18
§ 1.2	<p>Planområdet skal nyttast til følgjande føremål:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur <ul style="list-style-type: none"> o Veg o Køyreveg o Fortau o Gang – og sykkelveg o Gangveg/gangareal o Sykkelveg/-felt o Annan veggrunn – teknisk anlegg o Annan veggrunn – grøntareal o Kollektivterminal o Kombinert føremål Parkeringsplass/parkeringshus 2. Grøntstruktur <ul style="list-style-type: none"> o Grøntstruktur 3. Landbruks-, natur- og friluftsføremål og reindrift <ul style="list-style-type: none"> o LNFR
§ 1.3	<p>Føresegnområde</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Mellombels anlegg- og riggområde
§ 2	Fellesføresegner
§ 2.1	<p>Generelt</p> <p>Desse føreseggnene gjeld innanfor ramma av Plan- og bygningslova med tilhøyrande føresegner.</p> <p>Ved trinnvis utbygging skal tilkomst til eksisterande bustader og trafikktrygg tilkomst til kollektivterminalen for mjuke trafikantar sikrast.</p>
§ 2.2	<p>Føremål med planen</p> <p>Føremålet er detaljregulering for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy i Meland kommune, med tilkomstvegar og gang/sykkelvegar.</p>
§ 2.3	<p>Automatisk freda kulturminne</p> <p>Det kan vera uregistrerte kulturminne i området. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og kulturmynde få melding for ei nærmere gransking på staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2 ledd.</p>
§ 2.4	<p>Universell utforming</p> <p>Kollektivterminal og parkeringsplass med tilkomstar skal i størst mogleg grad utformast etter prinsippet om universell utforming.</p>
§ 2.5	<p>Landskapstilpassing</p> <p>Planlagt veganlegg skal utførast slik at det vert best mogleg tilpassa eksisterande terren og omgjevnader. Tiltaka skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og naturgjevne og bygde omgjevnader.</p> <p>Terrenghandsaming skal gjerast ferdig samtidig med resten av anlegget.</p>
§ 2.6	<p>Støy</p> <p>Klima – og miljødepartementet si til ein kvar tid gjeldande retningsline for handsaming av støy skal leggast til grunn. Aktuelle støytiltak skal ferdigstilla samtidig med utbygging av veganlegget.</p>
§ 2.7	<p>Avvik i areal for formål samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</p> <p>Endring innanfor føremål regulert til samferdsel og teknisk infrastruktur kan skje som følge av uføresette forhold. Dette medfører at grensa mellom føremålgrenser kan</p>

avvike fra det som ligg i plankartet. Standard og funksjon skal ivaretakast ved full utbygging, og så langt som mogeleg ved første byggetrinn.

- § 2.8 Utfyllande planar og dokumentasjon
§ 2.8.1 Plan for ytre miljø
Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø som skal sikre at alle relevante miljøkrav vert ivareteke i anleggs- og driftsfasen og skal også sikre miljøoppfølging ved utfylling i sjø.
- § 2.8.2 Byggjeplan
Prinsipp for utforming av sideareal, revegetering, utforming av tekniske anlegg, støyskjerding skal gå fram av byggjeplan.
- § 2.8.3 VA, avløp og overvasshandtering
VA-rammeplan datert 29.05.2018 er styrande for den vidare detaljprosjekteringen og byggjesakshandsaminga.
- § 2.8.4 Plan for massehandtering
Før igangsetting av arbeid skal det føreliggje plan for massehandtering. Jord fra jordbruksareal (fulldyrka jord og innmarksbeite) skal sikrast vidare bruk. Avfall og ureina massar skal transporterast til godkjent mottak.
- § 3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, pbl. § 12-5, 1. ledd nr. 2**
- §3.1 Generelt
Ved full utbygging skal alle føremål innanfor Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur opparbeidast med standard som vist i plankartet.
- § 3.2 Veg, f_SV1
Vegen er felles for gnr/bnr 1/56,88, 1/156, 1/168, 1/234, 1/324 og 1/392.
- § 3.3 Veg, f_SV2
Vegen er felles for gnr/bnr 1/11, 1/66, 1/143, 1/159, 1/233, 1/266, 1/302, 1/396, 1/395, 1/143, 1/323, og brukarane av f_SV1 og f_SV3.
- § 3.4 Veg, f_SV3
Vegen er felles for gnr/bnr 1/2, 1/5, 1/11, 1/36, 1/134, 1/160, 1/327, 1/394 og 1/397.
- § 3.5 Veg, f_SV4
Vegen er felles for gnr/bnr 1/1, 1/2,5,7, 1/64, 1/68, 1/80, 1/169, 1/174, 1/250, 1/275, 1/280, 1/285, 1/291, 1/297 og 1/298.
- § 3.6 Annan veggrunn – teknisk anlegg, o_SVT
Anna veggrunn tekniske anlegg skal vere offentleg og skal romme tekniske installasjonar, fundament, murar, skjering, fylling, avløp til sjø m.m. som høyrer til veganlegget.
- § 3.7 Annan veggrunn - grøntareal, SVG
Anna veggrunn grøntareal skal nyttast til skjeringar, fyllingar, murar, grøfter og sideareal til veganlegget.

Det kan innanfor arealet plasserast veglys, nettstasjonar, rekkverk, støyskjerdingstiltak, skilt/skiltportalar, bomstasjonar og andre installasjonar og infrastruktur som er ein naturleg del av veganlegget, samt førast fram annan infrastruktur i røyr/kabel.
Føremålet kan brukast til midlertidig anlegg- og riggområde, og mellombels masselagring. Stiar i området skal sikrast i anleggsfasen.
- § 3.8 Annan veggrunn – grøntareal, o_SVG2
§ 3.8.1 Utfylling i sjø er berre tillate i samband med opparbeiding av sykkelveg og fortau. Fylling i sjø må dimensjoneras for 200-års stormflo.
- § 3.8.2 Tilkomst til marina, via gangsti, skal til kvar tid vere open for ferdsel. Det gjeld og under anleggsfase og ved utfylling i sjø.

	Det kan etablerast trapp ned til kulvert, fra sør.
§ 3.8.3	
§ 3.9	<p>Annan veggrunn – grøntareal, o_SVG1, o_SVG3 og o_SVG4 Knytt til kollektivterminalen skal det vere tilrettelagt for min. 40 sykkelplassar. Desse skal vere under tak eller i sykkelparkeringshus.</p>
§ 3.10	<p>Annan veggrunn – grøntareal, o_SVG5 Innanfor føremålet er det tillate oppført pausebu for sjåførar.</p>
§ 3.11	<p>Annan veggrunn – grøntareal, f_SVG6 og o_SVG7 Skjeringar og tiltak på kollane innanfor f_SVG6 og o_SVG7 skal gjerast i samråd med planmyndighet. Kollane skal ha ei estetisk god utforming og ivaretakast i den grad det er mogleg. Om naudsynt skal det vurderast sikringstiltak på sjøsida av kollane også. Tekniske planar for inngrep i kollane skal sendast kommunen for uttale.</p>
§ 3.12	<p>Kollektivterminal, o_SKT Innanfor føremålet kan det opparbeidast kollektivterminal inkludert venteareal med møblering. Følgande tiltak er tillate oppført: - Busskur - Benker o.l. - Tekniske løysingar for ruteinformasjon og kjøp av billettar - Skilting - Andre tiltak som er ein naturleg del av kollektivterminalen</p> <p>Det må takast omsyn til lokale værtihøve i val av busskur</p>
§ 3.13	<p>Kombinert føremål for parkering, 2080, og parkeringshus, 2083. Området er avsett til offentleg kombinert føremål parkering/parkeringshus. Innanfor føremålet skal det også opparbeidast oppstillingsplassar for drosje. Tal på HC- og el-bilplassar skal vere i samsvar med gjeldande regelverk.</p> <p>Restareal innanfor føremålet skal ha parkmessig utsjånad.</p> <p>Ved bygging av parkeringshus skal det sendast inn rammesøknad med illustrasjonsplan som syner byggehøgder, tal på parkeringsplan, universell tilgjenge, eksisterande og framtidig terren, vegetasjon, murar, fyllingar, trapper, gjerder og overvasshandtering. Profilar og illustrasjonar skal syne volum og bygningsform samt tilpassing til terren og omgjevnader.</p>
§ 4	<p>Føresegnsområde</p>
§ 4.1	<p>Føresegnområde #1 - #5, mellombels anlegg- og riggområde I mellombelse anlegg- og riggområde kan det førast opp mellombelse brakkeriggjar, verkstad- og lagerbygningiar, køyre- og parkeringsareal, tekniske anlegg og andre anlegg i tilknyting til bruk av området som riggområde.</p> <p>Områda skal sikrast med innjerding og skal vere ryddige og minst mogleg til sjenanse for omgjevnadene.</p> <p>Områda kan i anleggsperioden nyttast som riggplass og for mellomlagring av alle typar massar, lagring av material og utstyr og anleggsvegar og liknande. Landskap og vegetasjon skal ikkje rørast meir enn naudsynt. Etter at anleggsperioden er avslutta skal områda setjast i stand og tilbakeførast til opphavelig føremål.</p> <p>Føresegnsområde vert oppheva når anlegget er ferdig bygd. Samstundes med at føresegnsområdet vert oppheva vil tidlegare vedtatt reguleringsplan for området tre i kraft att.</p>